



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 21.05.2026
Tid: klokka 18.00 - 22.30

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Kai-Runar Svarstad	AP	medlem
Torill Oda Ringstad	AP	medlem
Annika Hove	FOHA	medlem
Bernt Brandal	FOHA	ordfører
Einar Jarle Måseide	FOHA	medlem
Ivar Karl Liaset	FOHA	medlem
Kjetil Nasset	FOHA	medlem
Kristian Fuglseth	FOHA	medlem
Kristine Utgård Rolfsrud	FOHA	medlem
Pravin Selva	FOHA	medlem
Ranja Dimmen Alme	FOHA	medlem
Thor Ove Rekdal Nedrelid	FOHA	medlem
Øyvind Grimstad Gryt	FOHA	medlem
Endre Hammervold	FRP	medlem
Jeanette Teigene	FRP	medlem
Oskar Grimstad	FRP	varaordfører
Robert Holstad Flø	H	medlem
Wenche J. H. Jøsok	H	medlem
Ståle Liavåg	INP	medlem
Annika Brandal	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Øyvind Grimstad	INP	Torill Overvåg Leirbekk	INP

Møtenotater:**Frå administrasjonen møte:**

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Bjørnar Haddal, økonomileiar
- Melinda Skeide, einingsleiar kultur
- Silje Kiperberg Aksnes, folkehelsekoordinator
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Andre som møte:

Prosjektleiar for interkommunalt samarbeid Lars Erling Bjåstad Hovlid

Møte slutt: kl. 22.30

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 37/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/780
PS 38/26	Godkjenning av protokoll	26/780
PS 39/26	Orienteringar og spørsmål	26/780
PS 40/26	Referatsaker	26/780
PS 41/26	Hareid kommune – vedtak om deltaking i Av-og-til Lokalt (Av-og-til-kommune)	26/659
PS 42/26	Plan for friluftslivets ferdselsårer	22/1081
PS 43/26	Mellombels endring av skjenketider under fotball-VM for menn 2026	26/509
PS 44/26	Vedlikehald av Åsenvegen	26/520
PS 45/26	Godkjenning av revidert kulturmiljøplan 2026-2030	25/894
PS 46/26	Rekneskap og årsmelding 2025 Hareid kommune	26/662
PS 47/26	Årsrapport for startlån og bustadtilskot 2025 og justering av retningslinjer	26/690
PS 48/26	Dialog og vidare utvikling av samarbeid med Ulstein kommune	26/785
PS 49/26	Interpellasjon - Be regjeringa opne for kommunale forbod mot privat fyrverkeri	26/779

Hareid, 22.05.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 37/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Kristine Utgård Rolfsrud (FOHA) tiltrådde møtet frå og med PS 42/26 Plan for friluftslivets ferdselsårer. Før det var det 20 røystande i møtet.

Samrøystes

PS 38/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 39/26 Orienteringar og spørsmål

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Prosjektleiar Lars Erling Bjåstad Hovlid presenterte ei løypemelding for arbeidet med interkommunale samarbeid på Søre Sunnmøre.

Samrøystes

PS 40/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
09/26	Lån av lokala til Hareid Ungdomsklubb
10/26	Møteprotokoll - Hareid kontrollutval - 04.05.2026

11/26	Månadsrapport per februar 2026 - Referatsak til kommunestyret
12/26	Månadsrapport per mars 2026 - Referatsak til kommunestyret
13/26	Svar på søknad om forlenga inndeckingstid

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

Høyringsinnspel – forslag til innsparingstiltak i ambulansetenesta, punkt 7.6 redusert nattberedskap i Ulstein blei utsendt på e-post 21.05.2026 (ACOS 26/664-2).

Samrøystes

PS 41/26 Hareid kommune – vedtak om deltaking i Av-og-til Lokalt (Av-og-til-kommune)

Vedtak:

Hareid kommune sluttar seg til ordninga Av-og-til Lokalt og blir Av-og-til-kommune. Koordinatorfunksjonen vert lagt til folkehelse-/SLT-koordinator.

Behandling:

Folkehelsekoordinator Silje Kiperberg Aksnes orienterte om saka.

Røysting

Samrøystes for innstillinga frå formannskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune sluttar seg til ordninga Av-og-til Lokalt og blir Av-og-til-kommune. Koordinatorfunksjonen vert lagt til folkehelse-/SLT-koordinator.

PS 42/26 Plan for friluftslivets ferdselsårer

Vedtak:

Kommunestyret i Hareid vedtek Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

Behandling:

Folkehelsekoordinator Silje Kiperberg Aksnes orienterte om saka.

Kristine Utgård Rolfsrud (FOHA) tiltredde møtet underveis i saka. Det var 21 røystande til stade.

Røysting:

Formannskapet si instilling vedteken mot ei røyst Ståle Liavåg (INP)

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Hareid vedtek Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

PS 43/26 Mellombels endring av skjenketider under fotball-VM for menn 2026

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek ei mellombels utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 ved Noreg sine kampar i perioden fotball-VM for menn varer 11. juni - 19. juli 2026. Det gjeld kampen mot Senegal 23.juni og eventuelle sluttspelkampar Noreg spelar.
2. Skjenketidene i perioden vert satt til frå klokka 11.00 til etter Noregs kamp er ferdigspelt.
3. Dagar det ikkje er fotballkampar, og dagar der kampane er over før klokka 02.00 er skjenketida 11.00 - 02.00 .
4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3. For denne gruppa gjeld dei vanlege skjenketidene: klokka 13.00 - 02.00
5. Utvidinga gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar i fotball-VM for menn 2026 for staden sine gjestar.
6. Utvidinga gjeld kun innandørs skjenkeareal, ikkje utandørs.
7. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestadane. Skjenkestadane som ønsker utvida skjenketid må søkje om dette.
8. Kontrollere at skjenkestaden har lisens til å vise kampane.
9. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.
10. Serveringstadar kan få servere alkoholfri drikke og mat så lenge dei viser direktesendte VM-kampar

Kommunestyret delegerer mynde til formannskapet til å gjere vedtak om opphevingsforskrift om stengetid for severingsstader.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal (FOHA) fremja følgjande tilleggsforslag til vedtak:

Kommunestyret delegerer mynde til formannskapet til å gjere vedtak om opphevingsforskrift om stengetid for severingsstader.

Ståle Liavåg (INP) fremja kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Annika Brandal (V) fremja følgjande endringsframlegg:

Som forslaget frå INP, men med endra ordlyd i punkt 5.

5. Utvidinga gjeld for skjenkestadar med gyldig lisens for å vise direktesende kampar i fotball-VM for menn 2026.

Øyvind Grimstad Gryt (FOHA) fremja Levekårsutvalet si tilråding til vedtak med følgjande endring:

1. Kun utviding av skjenketid for Noreg sine kampar. Det gjeld kampen mot Senegal 23.juni og eventuelle sluttspelkampar Noreg spelar. Skjenketida blir då utvida så lenge den aktuelle kampen varer.
2. Kontrollere at skjenkestaden har lisens til å vise kampane.
3. Serveringstadar kan få servere alkoholfri drikke og mat så lenge dei viser direktesendte VM-kampar

Røysting

Det blei først røysta over Bernt Brandal (FOHA) sitt tilleggsframlegg om delegering av mynde til formannskapet: Samrøystes

Deretter blei det røysta alternativt over dei andre framlegga:

Framlegget til Ståle Liavåg (INP) med endringsframlegget til Annika Brandal (V): forslaget fekk 9 røyster for (Frp, H, INP, V og Thor Ove Rekdal Nedrelid FOHA).

LKU med tillegg: forslaget fekk 15 røyster for (Frp, H, INP, V, Øyvind Grimstad Grytt, Einar Jarle Måseide, Pravin Selva, Kjetil Nettet, Thor Ove Rekdal Nedrelid, Kristian Fuglseth og Bernt Brandal frå FOHA.

Då det var fleirtal for dette alternativet blei det ikkje røysta over innstillinga frå formannskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek ei mellombels utviding av skjenketider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i heile perioden fotball-VM for menn 2026 varer, 11. juni til 19. juli 2026.
2. Skjenketidene i perioden vert satt til frå klokka 11.00 til eit kvarter etter nattas siste kamp er ferdigspelt.
3. Dagar det ikkje er fotballkampar, og dagar der kampane er over før klokka 02.00 er skjenketida 11.00 - 02.00 .
4. Utvidinga gjeld ikkje for skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3. For denne gruppa gjeld dei vanlege skjenketidene: klokka 13.00 - 02.00
5. Utvidinga gjeld berre for skjenkestadar som viser direktesende kampar i fotball-VM for menn 2026 for staden sine gjestar.
6. Utvidinga gjeld kun innandørs skjenkeareal, ikkje utandørs.
7. Utvidinga er ikkje generell for alle skjenkestadane. Skjenkestadane som ønsker utvida skjenketid må søkje om dette.
8. Kommunedirektøren vert gitt mynde til å avgjere desse søknadane.

PS 44/26 Vedlikehald av Åsenvegen

Vedtak:

Saka sendast tilbake til administrasjonen slik den kan handsamast i næring- og miljøutvalet (NMU) og formannskapet før den kjem tilbake til kommunestyret.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal (FOHA) fremja eit tilbakesendingsframlegg: saka sendast tilbake til administrasjonen slik den kan handsamast i næring- og miljøutvalet (NMU) og formannskapet før den kjem tilbake til kommunestyret: Samrøystes

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek:

Alternativ 3: Kommunen utfører ikkje ytterlegare vedlikehaldsarbeid, men vidarefører ei avgrensa ordning der eigarane kan få tilskot til grus, t.d. inntil 10 m³ per år., då dette er ein mykje brukt turveg.

PS 45/26 Godkjenning av revidert kulturmiljøplan 2026-2030**Vedtak:**

Kulturmiljøplan 2026-2030 vert godkjent slik den ligg føre.

Behandling:

Samrøystes for innstillinga frå formannskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kulturmiljøplan 2026-2030 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 46/26 Rekneskap og årsmelding 2025 Hareid kommune**Vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Hareid kommune 2025 slik han ligg føre.
2. Hareid kommunestyre vedtek årsmeldinga til Hareid kommune for år 2025 slik den ligg føre.

Behandling:

Økonomileiar Bjørnar Haddal og kommunedirektør Bent Arild Grytten orienterte om saka.

Røysting:

Samrøystes for innstillinga frå formannskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Hareid kommune 2025 slik han ligg føre.
2. Hareid kommunestyre vedtek årsmeldinga til Hareid kommune for år 2025 slik den ligg føre.

PS 47/26 Årsrapport for startlån og bustadtilskot 2025 og justering av retningslinjer

Vedtak:

1. Kommunestyret tek årsmeldinga for startlån og bustadtilskot 2025 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek å justere dei kommunale retningslinjer ved å ta inn følgjande formulering: *Som hovudregel skal søkjar ha vore folkeregistrert i kommunen i minimum eitt år før tildeling av startlån eller tilskot. Kravet kan fråvikast etter ei konkret og individuell vurdering. Unntak kan til dømes gjerast dersom søkjar har arbeidsforhold i kommunen, har nær familiær tilknytning til kommunen, eller der det av omsyn til barn eller andre særlege behov hastar å få på plass ein stabil og trygg busituasjon.*

Behandling:

Samrøystes for innstillinga frå formannskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret tek årsmeldinga for startlån og bustadtilskot 2025 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek å justere dei kommunale retningslinjer ved å ta inn følgjande formulering: *Som hovudregel skal søkjar ha vore folkeregistrert i kommunen i minimum eitt år før tildeling av startlån eller tilskot. Kravet kan fråvikast etter ei konkret og individuell vurdering. Unntak kan til dømes gjerast dersom søkjar har arbeidsforhold i kommunen, har nær familiær tilknytning til kommunen, eller der det av omsyn til barn eller andre særlege behov hastar å få på plass ein stabil og trygg busituasjon.*

PS 48/26 Dialog og vidare utvikling av samarbeid med Ulstein kommune

Vedtak:

1. Hareid kommune ønskjer å vidareutvikle eit tett, konstruktivt og framtidsretta samarbeid med kommunane på Søre Sunnmøre, med særleg vekt på samarbeid som kan styrke tenestene, utviklingskrafta, kompetansen, fellesfunksjonar og den samla regionale kapasiteten.
2. Kommunestyret viser til eksisterande samarbeid og vedteken grunnavtale for interkommunalt samarbeid på ytre søre Sunnmøre, og understrekar at Hareid kommune ønskjer å vere ein aktiv og konstruktiv part i vidare regional utvikling og samarbeid.
3. Kommunestyret ber ordføraren, i samarbeid med kommunedirektøren, ta initiativ til dialog med Ulstein kommune med sikte på å drøfte moglegheiter for utvida samarbeid innan tenester, administrasjon, samfunnsutvikling, digitalisering, fellesfunksjonar og andre område der kommunane kan oppnå gevinstar gjennom tettare samarbeid.
4. Kommunestyret legg til grunn at dialogen skal vere open, kunnskapsbasert og byggje på lokal demokratisk forankring, respekt for kommunane si rolle og identitet, og nærleik til innbyggjarane.
5. Kommunestyret legg vidare til grunn at samarbeid, erfaringsbygging og dokumenterte gevinstar må danne grunnlag for eventuelle framtidige vurderingar av

strukturendringar. Eventuelle framtidige strukturendringar krev eiga politisk handsaming og involvering av innbyggjarane.

Behandling:

Annika Brandal V fremja eit utsetningsframlegg:

Med bakgrunn i vedtak i Ulstein formannskap, der dei oppmodar styringsgruppa til Herøy, Sande og Ulstein om å invitere inn Hareid og Vanylven i prosessen mellom de tre kommunene, bør denne saka sjåast i samanheng med ein eventuell invitasjon derifrå. Saka vert difor utsett til neste møte.

Røysting:

Utsetningsframlegget falt med 7 røyster for (V, H, INP og Ap) mot 14 røyster (Frp og FOHA)

Ordføraren si tilråding blei vedtatt med 14 røyster for (Frp og FOHA) mot 7 røyster (V, H, INP og Ap).

Ordføraren si tilråding:

1. Hareid kommune ønskjer å vidareutvikle eit tett, konstruktivt og framtidsretta samarbeid med kommunane på Søre Sunnmøre, med særleg vekt på samarbeid som kan styrke tenestene, utviklingskrafta, kompetansen, fellesfunksjonar og den samla regionale kapasiteten.
2. Kommunestyret viser til eksisterande samarbeid og vedteken grunnavtale for interkommunalt samarbeid på ytre søre Sunnmøre, og understrekar at Hareid kommune ønskjer å vere ein aktiv og konstruktiv part i vidare regional utvikling og samarbeid.
3. Kommunestyret ber ordføraren, i samarbeid med kommunedirektøren, ta initiativ til dialog med Ulstein kommune med sikte på å drøfte moglegheiter for utvida samarbeid innan tenester, administrasjon, samfunnsutvikling, digitalisering, fellesfunksjonar og andre område der kommunane kan oppnå gevinstar gjennom tettare samarbeid.
4. Kommunestyret legg til grunn at dialogen skal vere open, kunnskapsbasert og byggje på lokal demokratisk forankring, respekt for kommunane si rolle og identitet, og nærleik til innbyggjarane.
5. Kommunestyret legg vidare til grunn at samarbeid, erfaringsbygging og dokumenterte gevinstar må danne grunnlag for eventuelle framtidige vurderingar av strukturendringar. Eventuelle framtidige strukturendringar krev eiga politisk handsaming og involvering av innbyggjarane.

PS 49/26 Interpellasjon - Be regjeringa opne for kommunale forbod mot privat fyrverkeri

Vedtak:

Oversending til formannskapet: Be kommunedirektøren leggje fram ei sak om lokalt forbod mot privat fyrverkeri i Hareid kommune for kommunestyret når lovendringa har tredd i kraft.

Behandling:

Interpellasjon frå Torill Oda Ringstad AP: Be regjeringa opne for kommunale forbod mot privat fyrverkeri

Kvart år opplever eit stort tal dyr alvorleg stress, skadar og i nokre tilfelle død som direkte følge av privat fyrverkeri. Dei brå og kraftige smella utløyser panikkreaksjonar hos både familiedyr, husdyr og ville dyr, med flukt, utmatting og skadar som resultat.

Nyttårsaftan 2025–2026 var ikkje noko unntak. Fleire titals hundar vart melde sakna, og fleire av hendingane fekk dødeleg utfall. Hestar vart vettskremde og rømde i panikk; seks hestar sprang til fjells, og ei anna gruppe vart observert langs ein fylkesveg, der ein vart påkøyrd. I eitt tilfelle miste ei gruppe høns livet då ein låve brann ned til grunnen som følgje av fyrverkeri, og Mattilsynet har teke imot meldingar om at òg kyr har døydd på grunn av fyrverkeri. Dette er berre nokre av sakene som har kome fram i offentlegheita, og mørketala er truleg store. Fyrverkeri blir stadig meir kontroversielt blant folk flest, og 66 % av befolkninga meiner at «privat oppskyting av fyrverkeri bør forbys, av omsyn til både dyr og menneske» (berre 22 % er imot).

Dagens nasjonale retningslinjer opnar berre for at kommunane kan innføre soneforbod mot fyrverkeri der det erfaringsmessig kan oppstå fare for liv, helse eller tryggleik – i praksis tettbygde område eller verneverdig trehusbusetnad. Det er ikkje mogleg å innføre totalforbod, og heller ikkje å forby av omsyn til dyrevelferd eller miljø. Det blir vurdert som føremålstenleg at kommunane sjølve får høve til å avgjere om dei ønskjer å forby fyrverkeri og på kva grunnlag, og at Hareid kommune ber staten om å opne for auka kommunalt handlingsrom.

Innstilling

Kommunestyret ber regjeringa ta initiativ til nødvendige lov- eller forskriftsendringar som gir kommunane høve til å innføre forbod mot privat fyrverkeri.

Svar frå ordførar Bernt Brandal på interpellasjon frå Torill Oda Ringstad AP:

Interpellasjonen er motteken i rett tid og er i samsvar med reglementet for kommunestyret i Hareid.

Takk for interpellasjonen og for at de løftar ei problemstilling som engasjerer mange. Interpellasjonen peikar på reelle utfordringar knytte til privat fyrverkeri, både når det gjeld dyrevelferd, tryggleik og belastningar for enkelte menneske og lokalmiljø.

Det er ingen tvil om at nyttårsfeiringa kan opplevast svært krevjande for mange dyr. Kvart år ser vi døme på dyr som blir skremde, rømmer eller kjem til skade. Samstundes ser vi også alvorlege personskadar knytte til fyrverkeri, mellom anna augeskadar og andre ulukker som kan få store konsekvensar for dei som blir råka. Risiko for brann og uansvarleg bruk av fyrverkeri er også forhold som må takast på alvor.

Samtidig er dette ei sak der fleire omsyn må vegast mot kvarandre. Fyrverkeri er for mange ein etablert del av nyttårsfeiringa og ein tradisjon som dei fleste utøver på ein ansvarleg måte innanfor gjeldande regelverk. Spørsmålet er difor ikkje berre kva utfordringar som finst, men også kva verkemiddel som er rette for å møte dei.

Eg meiner det er viktig at regelverket på dette området i hovudsak er nasjonalt forankra. Det gir føreseielege rammer og ei meir heilskapleg vurdering av omsyn knytte til tryggleik, dyrevelferd, beredskap og individuelle fridomar. Fleire fagmiljø og legar har over tid peika på behovet for strengare reguleringar som følgje av personskadar knytte til fyrverkeri, og dette understrekar også kvifor saka har ei nasjonal side som bør vurderast av sentrale styresmakter.

Eg er samstundes meir usikker på om det er tenleg å opne for at kvar kommune skal kunne innføre eigne totalforbod mot privat fyrverkeri. Etter mi vurdering vil det vere meir tenleg med nasjonale vurderingar og eventuelle nasjonale endringar dersom ein ønskjer strengare regulering av området.

Det betyr ikkje at problemstillingane som vert løfta fram ikkje er viktige. Tvert imot meiner eg det er behov for både haldningsskapande arbeid, informasjon om trygg bruk og større medvit kring omsynet til dyr, menneske og omgjevnader.

Kommunane har også allereie høve til å nytte enkelte verkemiddel gjennom dagens regelverk der særlege tryggleikssyn tilseier det.

På denne bakgrunnen vil eg ikkje tilrå at Hareid kommune ber regjeringa opne for kommunale totalforbod mot privat fyrverkeri. Samstundes meiner eg interpellasjonen løftar fram viktige spørsmål som fortener både merksemd og vidare samfunnsdebatt.

Røysting

Torill Oda Ringstad AP fremja følgjande oversendingsframlegg til formannskapet:
Be kommunedirektøren leggje fram ei sak om lokalt forbod mot privat fyrverkeri i Hareid kommune for kommunestyret når lovendringa har tredd i kraft.